

Friidrettsesongen 2014

Friidrettsgruppa hadde 20 tilskipingar i sesongen 2014: 1 innandørsstemne, 10 vinterkaruselløp, 2 skulestemner, 4 seriestemner og 3 sommarkarusellar. I alt var det 1 792 startar på desse stemnene, ca. 20 færre enn i 2013.

I dei ti løpa i vinterkarusellen 2013-14 var det 753 startar, som var 39 fleire enn førre sesong og ny rekord i deltaking. I dei første løpa i den nye sesongen (2014-15) har talet på startar vore 288 i alt.

Sommarkarusellen for gutter og jenter vart arrangert for tjuande året på rad. Oppslutnaden var bra på to av stemnene. Til saman deltok 10 gutter og 17 jenter i karusellen i 2014, litt færre enn året før. Skulestemnene som Ostereidet ungdomsskule står for, vart skipa til med god deltaking også denne sesongen. Takk til skulen for at dei tek på seg desse stemnene.

Ved KM for veteranar vart det fem gull, ein sølv og ein bronse på deltagarar frå Eikanger IL. Gullmedaljane var det Arvid Hauge (3) og Geir Andre Bjørsvik (1) som vann. Geir Andre presterte 11,35 i tresteg, betre enn på mange år.

I friidrettsseriane hamna gutane på 4. plass i 2. divisjon (nr. 10 i 1. div. i 2013). Jentene hadde 8. plass i 1. divisjon (nr. 7 i 2013). Resultata som ligg til grunn for desse plasseringane, er i det alt vesentlege oppnådde ved skulestemnene.

For menn senior vart det 10. plass i 3. divisjon (2013: 9. plass). I veteranklassen vart det 5. plass i 2. div. (2013: nr. 2) i krinsserien.

Friidrettsgruppa hadde to møte i 2014 og avtala elles arbeidsoppgåver i samband med stemner.

Nettsida til friidrett under www.eikangeril.no vart brukt av fleire enn nokon gong før i 2014. Trafikktalet for heile året var 27 450, ein auke på ca. 5 400 frå året før. Det høgaste månadstalet nokon gong vart notert i oktober 2014 med 3 179.

Kommunen starta opprusting av løpebana på Ostereidet med å fornya sargar og leggja ut litt raudstubb. Arbeidet vart ikkje fullført og det trengst atskilleg meir raudstubb på delar av bana. Me vonar arbeidet vert fullført i 2015. Det vil vera på sin plass då bana har 40-årsjubileum dette året.

Det er stort sett veteranar som held friidrettsgruppa i gang, og me håpar dei vert med nokre år til. Men det er eit sterkt ønskje og stort behov for å få nye og yngre krefter til å føra friidretten vidare med glød og interesse, det gjeld både personar til tillitsverv og trenaroppgåver.

Friidrettsgruppa